**DEN NORSKE KYRKJA**
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

**MØTEREFERAT:**
**Utval:** **Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)**
**Møtedato:** 02.03.2023
**Møtetid** **1840-2100**
**Møtestad:** **Undervisningsrom, kyrkjelydshuset**

**Desse medlemmer møtte:**
Eva Beate Nybø, Svein Løwe, Anne Beate Storbakk, Berit Marie Sporsheim, Arne Hjelmås, og Kristian Finn Risung (6)

**Forfall:** Peder Nedrelid, Odd Arve Orten, Rune Vågøy, Anne Berit Oterhals Skrede og Sissel Kvist (5)

**Opningsord v/** Arne Hjelmås

**SAKLISTE :**

**SAK 14 -23** **GODKJENNING AV:**

**A. Innkalling**
**B. Referat møtet 26.01.2023**

**VEDTAK:**
A. Innkallinga ble godkjent
B. Referatet ble godkjent.

**SAK 15-23** **Komité Kyrkje Julsundet (jfr Sak 5/23)**

**VEDTAK:**
SFR vedtok å utsette saka til alle namna er på plass for komitéen

**SAK 16-23** **Val 2023 (jfr Sak 6/23)**

11.09.2023 skal det veljast nytt Sokneråd for de neste 4 åra. Vallista må være vere fullstendig innan 2.mai 2023

**VEDTAK:**
Det vert innkalla til eit eige valmøte torsdag 16.mars kl 19:00. Aukra SFR vil bruke tida til å ha ei idédugnad på kven som kan tenkjast stå på val for sokne- og fellesråd i Aukra neste periode. Rådet ønskjer at valet skal få noko meir plass i kunngjeringa fram mot mai og ferdigstilling av vallista.

**SAK 17-23** **Kyrkjebladet**

Eit initiativ for å få kyrkjebladet i gong igjen har blitt danna av Berit Marie Sporsem, Jostein Vengen og Svein Løwe. Frå staben har dei kalla på Sokneprest og trusopplærar.

Redaksjonen vil ha 4 nummer av bladet for 2023, og ønskjer at økonomi takast inn i reknskapet til kyrkjelyden. Økonomien til bladet må garanterast av Aukra sokn. Soknerådet innser at vedtaket i saka 12/22 Kyrkjebladet – Framtida vart urealistisk i

høve til å få ei lita gruppe til å ta jobben med å stå for eit slikt organ. Aukra sfr sett stor pris på initiativet!

**VEDTAK:**
Aukra sokne- og fellesråd dekkjer meirkostnaden for å få ut 4 nummer av Kyrkjebladet for Aukra i 2023 og tek bladet inn i sin virksomheit.

**SAK 18-23** **Regnskapssystem/Leverandør (jfr Sak 7/23)**
Vi har i lang tid vurdert å la rekneskap bli handsama av kyrkja sin IKT-partnar, men i samanheng med saka som omhandlar vikar for kyrkjeverje vil denne saka inngå i hjelpa vi får av kyrkjeverja i Molde.

**VEDTAK:**
Saka utsettast på ubestemt tid.

**Sak 19-23** **Orienterings-/drøftingssaker**
**19-23-1 Oppsummering Feitetysdag**
Flott arrangement og godt besøkt. Mogleg vi skulle ha hatt ei familie-pris på 200,- for å få fleire barnefamiliar med på arrangementet?

**19-23-2 Orientering om videre gang i sak 3-23 Innleie vikar for kyrkjeverje**
Aukra sfr er nøgd med løysinga AU og leiar har fått til. Det vil vere AU som etablerer dei naudsynte arbeidskontraktar og avtaler for å få effektuert denne hjelpen. Det er vanskeleg å si noko om økonomien i dette, men reknar med at dette ikkje kjem til å overskride dei midlane vi får attende frå NAV i samband med sjukemeldinga til kyrkjeverja.

**VEDTAK:**
Sokne- og fellesrådet tek sakene til vitande

**Sak 20-23** **EVT.**

**Svein Løwe –** Ga ei orientering om ståa om brannsløkkingsystem. Mykje står på å få rekneskapen ferdig slik at vi veit kor mykje vi treng i ekstra løyvingar for å få prosjektet igangsett.

**Svein Løwe –** Etterspør kor i prosessen søknaden om å sette inn det trådlause nettet i kyrkja er.

Aukra 27.01.2023

Eva Beate Nybø
Leiar
(sign)

Sokneprest Kristian Finn Risung
Referent
(sign)